



## KOLGREVEHAUGEN ca. 400 moh

*Utsikt frå "Masta"  
Foto Anne Lorentzen*

**Me opplever stadig nye funn som fortel om menneskeleg aktivitet i Haugseåsen i over to-tusen år.**

Navnet "Kolgrevehaugen" kjem av kolgroper, dvs plassen der du produserar trekol. Dette vart brukt i smia, som fanst på mange gardar. Nær denne haugen finn me 3 kolgroper, i tillegg mange spreidd over heile Åsen.

Produksjonen av trekol var arbeidskrevjande. Først grava ei djup grop i bakken. Så fylla den med oppkappa og kløyvd ved. Veden måtte dekkast godt til med torv før dei sette fyr på mila. Poenget var ei sakte forbrenning av veden slik at han forkola seg og ikkje brann opp. Den store kunsten var å tilføra høveleg mengde luft. Denne prosessen tok bortimot 2 døgn, med kontinuerleg overvaking.

**Kolet vart ogso brukt til jarnutvinning.** Etter bygginga av bilvegen forbi haugen her, i 2010, fann eg klumpar av jarnslag i vegskråningen. Analyse av desse viste at det var restar etter ei jarnvinne. Typen slag tyder på eldre jarnalder, litt før eller litt etter vår tidsrekning. Truleg vart sjølve smelteovnen greven ut og ligg i vegfyllinga. Eit slikt anlegg gror att over tid og er vanskeleg å oppdaga.



*Foto Anne Lorentzen*

**Framstilling av jarnet** i slike anlegg var uhyre arbeidskrevjande og komplisert.

Truleg var det berre nokre få som meistra denne kunsten. Råstoffet var jarnholdig myr.



Denne måten å produsera jarn på gjekk ut på 15-hundretalet. Etter den tid overtok gruvedrifta. Overgangen frå steinalder og bronsealder til jarnalderen var vel av dei største framsteg i vår historie. Stein og bronse var lite eigna til å laga effektive reiskapar av.

*21.06.2021. Olav S. Haugse.*

**GOD TUR!** Granvin turlag.

*Kolgrevehaugen. Foto Anne Lorentzen*